



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

27.06.2022

Vår ref:

2022/6095

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage på dispensasjon for flytebrygge - Austrheim - 134/2

Vi viser til oversending frå kommunen datert 09.06.22 og 17.06.22. Saka gjeld vedtak frå formannskapet i Austrheim, i møte 02.06.2022, saknr. 055/22:

«Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og pbl. § 1-8 til omsøkte flytebryggje:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.

2. Fortøyningsblåse i område tilhøyrande sokjar må fjernast.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.»

Statsforvaltaren i Vestland klagar med dette på vedtak i formannskapet 02.06.2022, sak 055/22.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Statsforvaltaren i Vestland gav negativ uttale til dispensasjon i saka, i brev av 20.05.2022, og vi viser til uttalen som grunnlag for vår klage:

«Dei aktuelle tiltaka er i strid med formål både på land og i sjø og byggeforbodet i 100-metersbeltet. I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 første ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).



Strandsona i området har gode landskapskvaliteter. Det ligg nokre naust og brygger spreidd langs sjøen, men elles ser det ut til å vere få tiltak. Både grønstruktur og landskap og friluftsliv er viktige strandsoneverdiar. Omsyn til friluftsliv er ikkje berre knytt til fri ferdsel, men også nært knytt til natur- og landskapsopplevinga både frå land og sjø. Omsøkt flytebrygge skal festast i eksisterande steinkai i nærleik av eit naust. Vi vurderer at tiltaket i nokon grad vil påverke landskapsverdiane, sett frå sjø og i nokon grad òg auke privatiseringa av området.

Etter det vi kan sjå ligg det fleire eigedomar i nærleiken som kan ha ønske om ei flytebrygge. Ein dispensasjon i saka kan gjere det vanskeleg for kommunen å avslå liknande søknader i nærleiken og i kommunen elles. Sjølv om ei mindre flytebrygge isolert sett påverkar strandsoneverdiane i noko mindre grad, vil eit større tal flytebrygger kunne påverke verdiane i vesentleg grad. Det er difor det er viktig at ein styrer utviklinga i strandsona igjennom plan, i samsvar med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø.»

Statsforvaltaren vurderer framleis at tiltaket i seg sjølv vil vere negativt for oppleving av landskapet, særleg sett frå sjø. Området vil stå fram som meir bygd, og privatisert. Sjølv om merking av flytebrygga som tilgjengeleg for ålmenta vil gjøre at område i mindre grad vert privatisert enn utan merking, vil ikkje skiltinga vege opp tiltaket si påverknad på landskapet. Vi vurderer det slik at skiltinga av flytebrygga ikkje i seg sjølv vil hindre privatiseringa av området eller føre til at området vert meir tilgjengeleg for allmenta.

Vi er også uroa for ein bit for bit utbygging av strandsona. Kommunen vurderer i si sakshandsaming at tiltaket ikkje vil få uheldig presedensverknad, utan at dette er nærmere grunngjeve. Slik grunngjevinga til både søker og kommunen er, kan den også gjerast gjeldande i mange andre saker i kommunen, og skape ei forventning om tilsvarende dispensasjoner. Statsforvaltaren vurderer at det er betydeleg risiko for ein bit for bit utbygging av strandsona både i dette området og i kommunen elles.

Det er stilt vilkår for dispensasjonen om at fortøyingsblåser i område tilhøyrande sokjar blir fjerna – noko som i seg sjølv er positivt. Ein fortøyingsblåse er likevel ei av dei enklaste og minst inngripande formar for fortøyning av båt, med tanke på bevaring av strandsona. Det ligg mange fortøyingsblåser i sjøen, og inngrepa i strandsona kan bli store om mange av desse blir erstatta av flytebrygger.

Statsforvaltaren si vurdering er at både dei omsyna som ligg til grunn for kommuneplanen for Austrheim og byggeforbodet i strandsona jf pbl. § 1-8, vert vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon for utlegging av flytebrygge. Vi vurderer også at nasjonale interesser i strandsona vert vesentleg sett til sides i saka jf. elles pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Statsforvaltaren heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av arealmessige fordelar som talar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er då ikkje oppfylte. Statsforvaltaren klagar difor på Austrheim kommune sitt vedtak i møte 02.06.2022, saknr. 055/22.

Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.



Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN